



## Februar månadsbrev frå tussalus!

Veke og dagar fyke når me har det kjekt. No har me hatt nokre daga med litt snø og det liker både barna og me vaksne. Det blir lysare og lettare med litt snø.

No har me gjort litt forandringar i vekeplanen vår.

### Buss:

Me har fått **buss kvar tysdag**. Det gjer oss moglegheit til å dela gruppa vår i to. Ei gruppe fer på busstur og den andre blir igjen, og så byter me neste tysdag. No har begge gruppene vert med til Kraftstasjonen ved Stordafjellet. Der laga me vannmøller og fekk prøve den i bekken. Det blei berre ei vannmølle på den eine gruppa. Då den andre gruppa skulle på tur kom det så mykje snø og det var vanskeleg å koma til bekken. Då blei det aking ved Kraftstasjonen i staden.

### Tur:

Nokre torsdagar framover kjem me også til å dele opp gruppa. Me sett opp same turmål slik at barna får oppleve det same.



### Tema:

No er me komen godt i gang med bøkene og historiane om "**Frosken og vennene hans**". Det er bøker som barna er interessert i og enkle å forstå. Samtidig har dei ofte eit budskap eller moral. Me har vert på biblioteket med begge gruppene og lånt oss froskenbøker. Etter me hadde lest "Frosken på overnatting" fekk me lyst å gå på overnatting me også. Så me gjekk på overnatting på konferanse-

rommet nede. I boka fekk me sjå at frosken laga skuggar på veggen og det fekk barna også prøve seg på.

Andre bøker me har lest: Frosken er lei seg, Frosken og den spesielle dagen, Frosken og snømannen. Me har også høyrte frosken på lydbok. Så har me hatt "Kino" i kjellaren med to frosken forteljingar 😊

### Viktige dagar:



**Karneval fredag 17. februar.** Då kler me oss ut. Då kan barna ha på seg utkleddingsklær når dei kjem. Husk å ha med andre kler då barna skal ut på ettermiddagen.



**Badedag. Fredag 24. februar** blir det badedag i barnehagen. Ta med badetøy og handkle. For dei som bruka bleier er det greitt med badebleie.



Bursdagar denne månaden:  
**Elias Aleksander 3 år**

**GRATULERA 😊**

Då vil me ynskja alle ein fin vintermånad 😊

Mvh Jeanette, Margrethe og Linda